



FRIVILLIGSTRATEGI 2024-2027



**BJØRNAFJORDEN
KOMMUNE**

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre 31.10.2024 – sak 122/2024

**BJØRNA
FJØRDEN**



KOMMUNE

1. FØRINGAR

1.1. Innleiing

I kommunestyret si behandling av budsjettet for 2024 (sak 193/23) vart det gjort følgjande vedtak under dei verbale forslaga:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein eigen frivilligstrategi for Bjørnafjorden kommune. Strategien skal peika på korleis kommunen best kan samarbeida med frivillig sektor, korleis vi skal organisera arbeidet og kva tilbod vi kan overføra til lag og organisasjonar ev. mot eit økonomisk vederlag.

1.2. Kvifor er frivilligheit viktig?

Ifølge frivilligmeldinga (St. meld.10) skaper frivilligheit engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. Høg frivillig deltaking er avgjerande for den tilliten vi har i samfunnet vårt. Frivillig aktivitet hindrar utanforskap og fremjar inkludering. Lagslivet er den beste skulen i demokrati, der vi kan avdekka behov og finna nye løysingar. Frivillig sektor er avgjerande i den norske beredskapsmodellen og bidreg til å sikra vår felles kulturarv. Gjennom frivillig aktivitet opplever vi livsglede, det å høyra til og bli verdsett, noko som er med på å fremja god folkehelse.

Bjørnafjorden kommune har ein stor og mangfaldig frivillig sektor med over 300 registrerte lag og to frivilligsentralar som engasjerer mange frivillige. Frivillig sektor gjev store bidrag til lokalsamfunnet og er viktig for livskvaliteten til den enkelte bjørnafjording.

1.3. Utfordringsbilete og rolleforståing

Kommunal sektor er i stadig omstilling. Det krev fokus på fornying og samskaping for å løysa oppgåver, og samfunnet sine utfordringar, innanfor ein strammare kommuneøkonomi og store demografiske endringar framover. Vi blir fleire eldre, prosentvis færre barn og unge, og færre i yrkesaktiv alder. Det skaper rekrutteringsutfordringar framover både for kommunal sektor og næringslivet vårt.

Samfunnet ber preg av raskare endringar, nye krav og forventningar. Det eit auka behov for innovative løysingar og ei samhandling med frivillig sektor som kan utløysa nye frivillige ressursar.

Bjørnafjorden kommune (BK) vil med sin frivilligstrategi ta ei aktiv rolle som samarbeidspart og tilretteleggar. Strategien vil vera eit verktøy for å styrka samspelet mellom kommunen og frivillig sektor, og innan organisasjonslivet. Bjørnafjorden vil bidra til å styrka og vidareutvikla ein stor og sjølvstendig frivillig sektor.

Når BK lagar sin frivilligstrategi, er det avgjerande at vi legg til grunn at frivillig arbeid har ein eigenverdi. Det må vera ein fundamental respekt for at den frivillige er der på egne premissar, som fri og villig. Den frivillige er ikkje ein reiskap for kommunen. Den frivillige har sin eigen motivasjon og eigeninteresse i å vera aktiv. Strategien rettar seg både mot den individuelle frivillige, lagslivet, kommuneorganisasjonen og lokalsamfunna.

1.4. Nasjonale og lokale føringar

Utifrå både overordna statleg, regional og lokal politikk nedfelt i planverk, blir sentrale stikkord for ein frivilligstrategi: folkehelse, demokrati/deltaking, inkludering, samhandling og innovasjon.

Nasjonale og lokale føringar er:

- St. melding 10 (2018-2019) Frivilligheitsmeldinga
- Frivillighetserklæringa
- Fritidserklæringa

- St. melding 15 (2017-2018) Leve hele livet. Kvalitetsreform for eldre
- St. melding 24 (2022-2023) Bu trygt heime-reforma. Fellesskap og meistring
- Vestland fylkeskommune sin frivilligstrategi 2021-2022
- Kartleggingsundersøking av frivillig sektor i Bjørnafjorden kommune 2023
- Samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden kommune 2023-2035
- Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune. Folkehelseoversikt 2023-2026

I kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er det mål som blir styrande for ein frivilligstrategi. Bjørnafjorden kommune skal:

- 1) vera ein god tilretteleggar for frivilligheit (KPS-mål B.2.)
- 2) vera inkluderande og sikra alle innbyggjarar likeverdige moglegheiter til eit godt liv (KPS-mål B.3.)
- 3) styrkja samarbeidet med frivillig sektor gjennom samskaping for å sikra gode og levande lokalsamfunn (samanstilling av *innhaldet* i KPS-mål D.1. og D.4.)

2. MÅL OG STRATEGIAR

2.1. Overordna mål

I Vestland fylkeskommune sin første frivilligstrategi var det overordna målet at “Det skal vera enkelt å vera frivillig i Vestland.” Det kan vera ei god rettesnor og eit overordna mål også for Bjørnafjorden:

Det er enkelt å vera frivillig i Bjørnafjorden kommune.

2.2. Mål og strategiar

MÅL A:

Kva kan/skal kommunen gjera for å leggja til rette for frivilligheit?

STRATEGIAR:

Kommunen

1. nyttar potensialet som ligg i aktivt å søkja om eksterne midlar (jf. KPS-mål B.2., strategi e)
2. har treffsikre kommunale tilskotsordningar og kommunale ytingar som støttar opp om frivillig arbeid (jf. KPS-mål B.2., strategi a)
3. driftar og rettleiar om bruk av Tilskotsportalen
4. forenkler tilskotsordningar så langt det er tenleg
5. legg til rette for delingskultur: å dela utstyr og anlegg, opplevingar, kunnskap og kompetanse (jf. KPS-mål B.3-4., strategi c)
6. stiller eigna kommunale bygg som t.d. skulebygg, gratis til disposisjon for aktivitetar for barn og unge i regi av lagslivet, og aktivitet som vaksenopplæringstiltak.
7. satsar på frivilligsentralane gjennom økonomiske bidrag til drift, eigna lokale og administrative støttefunksjonar (jf. KPS-mål B.2., strategi b)
8. tar vare på eldsjelene og dei frivillige ved å skapa trygge, inkluderande møteplassar der vi tilbyr både opplevingar, kompetanseheving og eit sosialt fellesskap (jf. KPS-mål B.2., strategi c)
9. nyttar frivilligsentralane aktivt for å stimulere til frivillig innsats og nyskaping i kultur- og lagslivet
10. verdset og synleggjer frivillig innsats, t.d. gjennom kåring av Årets frivillig i Bjørnafjorden på FN sin internasjonale dag for frivilligheit 5. desember.

MÅL B:

Korleis kan både kommune og lagsliv bli meir inkluderande?

STRATEGIAR:

Kommunen og lagslivet

1. synleggjer organisasjonane i lokalsamfunnet og gjer dei meir tilgjengelege for innbyggjarane
2. har gode løysingar for deltaking og aktivitet som motverkar/hindrar utanforskap
3. gjer kommunale og lagseigde bygg fysisk tilgjengelege for alle, så langt praktisk mogleg

Kommunen

4. set krav om inkludering i tilskotsordningar kommunen har ansvar for
5. arbeider for betre transportløysingar og rutetilbod
6. oppmodar frivilligsentralane til å mobilisera seniorkrafta og ungdom som frivillig ressurs

MÅL C:

Korleis kan kommunen styrkja samarbeidet og samskapinga med frivillig sektor?

STRATEGIAR:

Kommunen

1. legg til rette for frivillige som vil starta opp nye aktivitetar og organisasjonar
2. satsar på koordinatorar/koordinatorfunksj. for å støtta opp om frivilligheita (KPS-mål B.2., strat d)
3. tilbyr rettleiing til frivillige lag og organisasjonar, og opplæring av frivillige (jf. KPS-mål B.2., strat. f)
4. organiserer felles forum og møteplassar i dialog med lagslivet
5. har gode nettsider som er opne for lagslivet
6. tar initiativ til og støttar arbeid med å utvikla nettverk og samarbeid
7. er open for og imøtekjem initiativ for samskaping
8. inngår samarbeidsavtalar med lagslivet, og kjøper tenester frå lagslivet der det er tenleg

MÅL D:

Kva kan organisasjonslivet gjera for å styrka det frivillige arbeidet og samskapinga i frivillig sektor?

STRATEGIAR:

Lagslivet

1. etablerer samarbeidsorgan som frivilligråd, kulturråd og/eller amatørkulturråd
2. lagar møtepunkt og forum som kan stimulera til samarbeid på tvers
3. synleggjer eigen aktivitet, og brukar klarspråk
4. er open for samarbeid med andre om kompetanseheving og sambruk av anlegg/bygg og utstyr
5. jobbar for inkludering og aktiv rekruttering av nye frivillige, og å auka talet på eldre frivillige
6. er bevisst kva haldningar og verdiar vi står for
7. tenker felles kultur- og aktivitetskommune